

## Kommunedelplan for Oppvekst – Alver kommune – offentlig høyring og ettersyn – framlegg til planprogram.

Merknad frå	Merknad ref.	Rådmannen sin kommentar
FAU_Knarvik	FAU ved Knarvik barneskule ønskjer å delta i utarbeidinga av denne planen. FAU ønskjer ein person med i denne gruppa. Framlegg til navn – Kjetil Mjøs	Det er bra at FAU Knarvik vil delta i planarbeidet. Forslag til namn er registrert. Det er planar om å få til eit verstadmøte med alle FAU leiarane i Alver. (Så sant det let seg gjennomføre trygt i høve til smittevern)
FAU_Manger	FAU Manger etterspør kva metodikk som blir brukt for å sikre brukarmedverknad og samskaping. KS har utvikla verktøyet Veikart for tjenesteinnovasjon, ein praktisk verktøykasse som set kommunane i stand til å endre offentlege tenester for å møte framtida. Metodikken har ei brukarsentrert tilnærming, og verktøyet er laga for å rettleie kommunar med innovasjonsarbeid i utvikling av offentlege tenester.	Godt initiativ frå FAU Manger. I høve til planlegging vil kommunen bruka prosessreglane i Plan og Bygningslova som rettesnor for arbeidet. I kommunedelplanen vil det verte fremja satsingsområde med mål, strategiar og tiltak. Her ser vi «veikart for tenesteinnovasjon» som ein mogeleg strategi for å oppnå mål.
Fylkesmannen i Vestland	<p>Fylkesmannen er positiv til at kommunen prioriterer å utarbeide ein kommunedelplan for oppvekst. Planen skal leggje FN sine berekraftsmål til grunn. Det er i planprogrammet nokre dømer på tema/ målsettingar/ satsingsområde som er satt opp som ei punktliste utan utdjuping. Det er difor litt vanskeleg å vite kva som ligg i punkta.</p> <p>Ei god overordna og heilskapleg planlegging, vil kunne medverke til at barn og unge får eit godt tenestetilbod, og utsette barn vil kunne få hjelp på eit tidleg tidspunkt. Dette gjeld også universell utforming, møteplassar, uteareal og tilgang til grønne område nær barnehagar, skular og andre institusjonar. Slike stader gir gode opplevingar og kjensler av å høyra til. Med samlokalisering av ulike offentlege og private funksjonar og aktivitetar, kan ein få til god utvikling i eit lokalsamfunn og styrkje moglegheita til å realisere det økonomisk.</p>	<p>Det vert teke til vitande at fylkesmannen er positiv til utarbeiding av plan.</p> <p>Planprogrammet er med å settje ei retning og ramme for planlegginga. Vidare utdjuping vil skje i samband med utarbeidinga av planen.</p> <p>Det er semje om at ei god overordna planlegging vil gje vinst gjennom betre tenester og gode opplevingar i oppveksta. I samband med utarbeiding av plan for oppvekst vil fokuset på samanheng mellom mål, tiltak og strategiar verte fokusert. Det skal verte god kopling mellom tiltak/handling i oppvekstplan og i økonomiplan.</p>

	<p>Etter det vi forstår er det også utarbeidd ei folkehelseoversikt for Alver. Vi tilrår at denne også blir nytta i arbeidet med å utforme overordna mål og strategiar for folkehelsearbeidet i kommunedelplanen slik at folkehelseomsyn blir kjent og teke hand om tidleg i planprosessen.</p> <p>Det står i planprogrammet at ein legg opp til stor grad av medverknad, men den er elles lite konkret på korleis og kven som skal involverast. Vi meiner planprogrammet bør vere meir konkret på dette temaet.</p> <p>Det står ingenting i planprogrammet om handlingsdelen. Vi minner difor om at kommunedelplanar for tema eller verksemdsområde skal ha ein handlingsdel, som viser korleis planen skal følgjast opp jf. pbl. § 11-2 3. ledd.</p> <p>Vi meiner også at det er lurt å kople planen til arealdelen i kommuneplanen. Dette er eit viktig verkemiddel for mellom anna å sikre gode oppvekstvilkår, som tilstrekkeleg med leikeområde av god kvalitet, grønstruktur og nærturområde, nærleik til skule og barnehage og andre servicetilbod og trafikksikker framkomst for mjuke trafikantar.</p>	<p>Folkehelseoversikta vil verte brukt i planarbeidet. Kommunedelplan for oppvekst vil også verte utarbeidd parallellt med ny samfunnsdel og kommunedelplan for helse og sosial. Det vert å nemne dette nærare i planprogrammet.</p> <p>Det vert å beskriva det store felles medverknadsprosjektet som er sett i gong for tre overordna planar. Denne planen og kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunedelplan for helse og sosial.</p> <p>Vi vil nytta «Framsikt» i arbeidet med planen. Her vil satsingsområda med mål, strategiar og tiltak verte beskrive. Her skal det også verte kopling direkte til kommunen sin økonomiplan.</p> <p>Kommunedelplan for oppvekst vil peike på arealstrategiar som vil ha betydning for oppvekstmiljø med vidare. Planprogrammet vil verte tydelegjort på dette punktet.</p>
--	--	---